



Arkivnr: 2014/19571-68

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014

Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2014

Samandrag

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

For 2014 vert Hordaland fylkeskommune tildelt 2 450 000 kroner frå Den kulturelle spaserstokken 2014.

Ved søknadsfrist 1.september vart det kome inn søknadar frå 30 kommunar i Hordaland til ordninga. Samla er det søkt som 4 633 600 kroner.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver 2 450 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2014 til:

Kommune	Søknadssum	Tildeling 2014
Bergen	1 100 000	930 000
Askøy	170 000	90 000
Voss	360 000	120 000
Kvinnherad	120 000	100 000

Stord	243 000	74 000
Fjell	100 000	75 000
Os	215 000	80 000
Lindås	120 000	85 000
Kvam	550 000	104 000
Bømlo	200 000	70 000
Odda	50 000	50 000
Osterøy	150 000	50 000
Vaksdal	150 000	54 000
Radøy	100 000	35 000
Meland	60 000	30 000
Sund	60 000	32 000
Ullensvang	130 000	60 000
Fusa	115 000	41 000
Etne	175 000	46 000
Austevoll	90 000	35 000
Øygarden	90 000	35 000
Tysnes	30 000	30 000
Austrheim	80 000	30 000
Fitjar	35 000	25 000
Samnanger	57 100	29 000
Masfjorden	30 000	30 000
Ulvik	40 000	38 000
Granvin	100 000	28 500
Eidfjord	28 500	28 500
Fedje	15 000	15 000
SUM	4 763 600	2 450 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.09.2014

Hordaland fylkeskommune fekk i brev frå Kulturdepartementet av 28.mars 2014 i oppdrag å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. I samband med dette vart fylkeskommunen bedt om å invitere alle kommunane i fylket om å søkje om midlar frå Den Kulturelle Spaserstokken. Fylkeskommunen har og ansvaret for rapportering om bruken av dei tildelte midlane.

Det er kommunane som har høve å søkje fylkeskommunen om tilskot, der tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31.desember 2015.

A. Oppdraget frå Kulturdepartementet

I brev frå Kulturdepartement av 11.juni 2014 vert mellom anna tildeling av midlar til Hordaland fylkeskommune gjort kjent:

Den kulturelle spaserstokken: Tildeling av spillemidler m.m. for 2014-2015

Ved kongeleg resolusjon av 6. juni 2014 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Av dette overskotet gjekk 15,4 mill, kroner til Den kulturelle spaserstokken.

Vidare er det løyvt 15,4 mill. kroner på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til Den kulturelle spaserstokken. Til saman skal 30,8 mill, kroner utbetalast til fylkeskommunane og fordelast vidare til kommunane frå Den kulturelle spaserstokken 2014.

Midlane blir fordelt etter fordelingsnøkkel der følgjande variabler inngår: talet på personar over 70 år, geografiske avsatander og kulturell infrastruktur.

Midlane til kommunane skal fordelast utifrå kvalitative og/eller kvantitative kriterier som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med det overordna føremålet for ordninga.

1. Mål og prinsipp for Den kulturelle spaserstokken

Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Midlane skal hovudsakeleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

2. Tildeling for 2014-2015

Hordaland fylkeskommune får tildelt kr 2.450.000 frå Den kulturelle spaserstokken 2014.

Det er kommunane som har høve til å søke fylkeskommunen om tilskot. Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2015. Det skal stillast krav om rapportering til fylkeskommunen.

Det vert lagt til grunn at fylkeskommunane fastset fordelinga av midlane så raskt som mogleg og seinast innan medio oktober 2014.

3. Om bruken av midlane

Midlane skal brukast i tråd med mål og prinsipp for ordninga, og nyskaping og utvikling av tilbod skal prioriterast.

Tilskot skal ikkje kome til erstatning for kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereide er sikra finansiering. Tilskotet skal ikkje nyttast til investeringar/utstyr, administrasjon, planlegging eller kompetanseutvikling.

4. Forvaltning av midlane

For fylkeskommunar og kommunar som får over 100.000 kroner av spillemidlane, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane kjem føremålet til gode. Det kan anten gjerast ved at midlane plasserast på eigen renteberande konto, eller ved at renteinntekten reknast ut og vert gjeve som eit tilskot til føremålet. For kommunar som får under 100.000 kr av spillemidlane, er det ønskeleg, men ikkje eit krav om at renteinntektene kjem føremålet til gode.

B. Om søknadane

I brev frå Kulturdepartementet til alle fylkeskommunane, datert 28.03.2014, står det m.a. at *midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.*

Fylkesrådmannen har lagt til grunn i hovudsak ei tildeling basert på kvantitative kriterier.

Ved søknadsfrist 1.september vart det komen inn søknadar frå 30 kommunar i Hordaland til ordninga. Kommunane Sveio, Jondal og Modalen har ikkje søkt om midlar til denne ordninga i år.

Totalt er det søkt om 4 733 600 kroner, som er omlag 49 % høgare enn totaløyvinga i 2014 som er på 2 450 000 kroner. Fleire kommunar søker ei betydeleg auke samanlikna med tildelt sum frå Kulturdepartementet for 2013.

Totaløyvinga i 2014 viser ei nedgang på 128 000 kroner samanlikna med totaløyvinga i 2013 som var på 2 578 000 kroner.

I pressemeldinga frå regjeringa vedrørande tilskot til Den kulturelle spaserstokken 2013, datert 09.10.2013 (nr. 106/13), står det m.a. at «*Frå og med 2014 skal midlane fordelast via fylkeskommunane, basert på kvantitative kriterium etter modell av Den kulturelle skulesekken. Omlegginga inneber mellom anna at areal og talet på personar over 70 år får innverknad på den fylkesvise fordelinga*».

Alle søkjarar ble bedt om å sende søknad med følgjande informasjon:

- Namn på tiltak
- Skildring
- Målgruppe(r)
- Kulturgenre/tema
- Arena
- Tal på arenaer
- Søknadssum
- Annan finansiering/stønad til tiltaket
- Anna

Alle søknadane viser at kvar kommune arbeider aktivt i tråd med overordna mål for ordninga. Det varierer frå einskildarrangement til etablerte nettverk med omfattande planar.

C. Vurdering

Fylkesrådmannen har i hovudsak valt å følgje ei kvantitativ vurdering basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal.

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

I Hordaland bur det 51 554 personar over 70 år (basert på tall henta frå www.statistikk.igest.no). Desse personane er sjølv målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektleggje dette kriteriet med fordelingsnøkkel på 70 %.

Oversikt over alle kommunane (i minkande prosentandel):

Kommune	Busette over 70 år i kommunen	Prosentandel av eldre (70+) i Hordaland busett i kommunen
Bergen	27002	53,38 %
Askøy	2133	4,14 %
Voss	2004	3,89 %
Kvinnherad	1765	3,42 %
Stord	1729	3,35 %
Fjell	1627	3,16 %
Os	1534	2,98 %
Lindås	1500	2,91 %
Kvam	1219	2,36 %
Bømlo	1195	2,32 %
Odda	1118	2,17 %
Osterøy	870	1,69 %
Vaksdal	678	1,32 %
Radøy	572	1,11 %
Meland	567	1,10 %
Sund	557	1,08 %
Ullensvang	534	1,04 %
Fusa	531	1,03 %
Etne	529	1,03 %
Austevoll	510	0,99 %
Sveio	487	0,94 %
Øygarden	455	0,88 %
Tysnes	455	0,88 %
Austrheim	330	0,64 %
Fitjar	295	0,57 %
Samnanger	294	0,57 %
Masfjorden	288	0,56 %
Ulvik	183	0,35 %
Jondal	172	0,33 %
Granvin	143	0,28 %

Eidfjord	136	0,26 %
Fedje	99	0,19 %
Modalen	43	0,08 %

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i vurderinga. I ni kommunar utgjer innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet. Ein ser at i kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektleggje dette kriteriet med ei fordelingsnøkkel på 20 %.

Oversikt over alle kommunane (i minkande prosentandel):

Kommune	Lokalt innbyggjartal	Prosentandel av innbyggjarar over 70 år lokalt
Fedje	561	17,65 %
Masfjorden	1 693	17,01 %
Ulvik	1 094	16,73 %
Tysnes	2 745	16,58 %
Vaksdal	4 140	16,38 %
Odda	7 006	15,96 %
Ullensvang	3 369	15,85 %
Jondal	1 094	15,72 %
Granvin	911	15,70 %
Eidfjord	950	14,32 %
Kvam	8 584	14,20 %
Voss	14 168	14,14 %
Fusa	3 829	13,87 %
Kvinnherad	13 232	13,34 %
Etne	4 057	13,04 %
Samnanger	2 436	12,07 %
Austrheim	2 833	11,65 %
Modalen	372	11,56 %
Radøy	5 039	11,35 %
Osterøy	7 786	11,17 %
Austevoll	4 924	10,36 %
Bømlo	11 749	10,17 %
Lindås	15 069	9,95 %
Bergen	271 949	9,93 %
Fitjar	3 009	9,80 %
Øygarden	4 704	9,67 %
Stord	18 425	9,38 %
Sveio	5 463	8,91 %
Sund	6 635	8,39 %

Os	18 678	8,21 %
Askøy	27 346	7,80 %
Meland	7 544	7,52 %
Fjell	23 852	6,82 %

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå [Statens kartverk](#)). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnadar for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektleggje kommunanes areal med ei fordelingsnøkkel på dei resterande 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentandel)

Kommune	Areal i km	Prosentandel i forhold til Hordaland
Voss	1 806	11,70 %
Odda	1 616	10,47 %
Eidfjord	1 491	9,66 %
Ullensvang	1 399	9,06 %
Kvinnherad	1 091	7,07 %
Etne	735	4,76 %
Ulvik	721	4,67 %
Vaksdal	715	4,63 %
Kvam	616	3,99 %
Masfjorden	556	3,60 %
Lindås	475	3,08 %
Bergen	465	3,01 %
Modalen	412	2,67 %
Fusa	378	2,45 %
Samnanger	269	1,74 %
Tysnes	255	1,65 %
Osterøy	255	1,65 %
Bømlo	247	1,60 %
Jondal	247	1,60 %
Sveio	246	1,59 %
Granvin	212	1,38 %
Fjell	148	0,96 %
Stord	144	0,93 %
Fitjar	142	0,92 %
Os	140	0,90 %
Austevoll	117	0,76 %
Radøy	111	0,72 %

Askøy	101	0,65 %
Sund	100	0,64 %
Meland	93	0,60 %
Øygarden	67	0,43 %
Austrheim	58	0,37 %
Fedje	9	0,06 %

Den kvantitative utrekninga gjer at fem kommunar skulle fått ei større tildeling enn det er søkt om. Dette gjeld kommunane Odda, Tysnes, Masfjorden, Eidfjord, og Fedje. Det som går ut over det som er søkt, vert samla i ein pott og vert fordelt mellom kommunane som er tildelt mindre enn omsøkt sum. I tillegg er dei tre kommunane som ikkje har søkt, med i den kvantitative utrekninga. Når desse er tatt bort, står det ei samla restsum på 158 625 kroner. Fylkesrådmannen ser det som formålstenleg å fordele desse etter ei skjønsmessig vurdering. Alle kommunane har fått ei lita auke til heile tall, medan nokre kommunar har fått ei større auke. Ei større auke er basert på ei heilskapleg vurdering ut frå programinnhald, nyskaping og utvikling av program, samarbeid, søknadssum og tildelinga i 2013 frå Kulturdepartementet.

I år har fylkesrådmannen måtte i hovudsak basere seg på retningslinjer og praksis slik det kjem fram av brevet frå Kulturdepartementet. Ein vil sjå nærare på dette før neste års tildeling og leggje fram ei sak der Hordaland fylkeskommune utarbeider eigne retningslinjer i tråd med overordna føringar.

Midlar som ikkje vert nytta i løpet av 31. desember 2015 skal betalast tilbake til fylkeskommunen, satt på fond og vil tas med ved seinare tildeling.

Fylkesrådmannen oppmodar kommunar i dei einsskilte regionane om å samarbeide i denne ordninga og viser til interkommunale samarbeid på linje med regionsamarbeidet med Den Kulturelle Skolesekken.